



Entusiastiske drivarar av "Tiaren" samla til møte onsdag føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein ny kafe ser dagens ljøs i Uskedalen til veka, etter initiativ frå Uskedalen Utvikling. Den opnar der det var konditori sist, altså i Gamleskulen, og er eit etterlengta tiltak

. I utgangspunktet er det ein "eldrekafe", men prosjektleiar og styremedlem i UU Klara Bakke strekar under at den vil vera ope for alle.

- Ikkje minst dei eldre har sakna ein slik sosial møteplass, spesielt i mørketida, seier Klara til uskedalen.no

Det er gåva på 25.000 kroner frå lokalbanken som gjer denne satsinga mogeleg. Dei pengane skal mellom anna nyttast til kjøkenutstyr, som lokalet no er heilt ribba for. Men initiativtakarane får låna bord frå Aktivitetshuset og stolar frå Helgheim.

Tirsdag hadde Klara kalla inn til møte med 12 entusiastiske og initiativrike drivarar, men det er så langt 16 som har sagt seg viljuge til å ta eit tak. Flokken vart delt opp i grupper på tre som i tur og orden skal stå for drifta og førebels er det sett opp ein turnus fram til 16. oktober. Då blir bunken snudd og ein startar på att. Men Klara strekar under at hvis fleire er interessert i å bli med, må dei berre melde frå til henne.

Det er på tysdagar frå klokka 11 til 15 kafeen skal vera ope og første opningsdag er tysdag 18. september.

- I denne flokken er det ikkje minst mange vaffelsteikjarar som ligg på eit høgt nivå, sa ein optimistisk Klara under møtet onsdag.

Namnet på den nye kafeen er eit kapittel for seg. Framlegget om "Tiaren" kjem frå drivargruppa og grunnen er den enkle at alt som blir seld i kafeen skal kosta 10 kroner! Pengane går naturleg nok attende til kafedrifta.

Av Ola Matti Mathisen



Klara Bakke har teke tak i kafeprojektet på vegne av Uskedalen Utvikling. (Foto: Ola Matti Mathisen)